

## Førde Arbeidarparti

Leiar: Johan Kåre Kjerstad

Adr.: Veglo 2 A, 6800 Førde, Tlf: 993 83 399, E-post: johankjerstad@yahoo.no



Arbeiderpartiet

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep 0030 Oslo

[postmottak@hod.dep.no](mailto:postmottak@hod.dep.no)

Førde, 18.01.2011

HØYRINGSUTTALE: FORSLAG NY KOMMUNAL HELSE- OG OMSORGSLOV, NY LOV OM FOLKEHELSE OG NASJONAL HELSE- OG OMSORGSPLAN (2011-2015)

Førde Arbeidarparti stør fullt ut regjeringa sin visjon og retning bak dei nye lovforslaga. Eit større fokus på folkehelsearbeid, som førebygging av sjukdom, tidleg diagnose og rehabilitering m.m., må prege det framtidige helsetilbodet i kommunane. Det løner seg og førebygge både menneskeleg og samfunnsøkonomisk. Førde Arbeidarparti meiner det er rett at kommunane tek eit større ansvar for folkehelsa i framtida.

Førde Arbeidarparti er derimot svært usikre på om ein kommunen av vår storleik har/vil få eit stort nok økonomisk handlerom med den føreslegne medfinansieringsmodellen. Dei økonomiske konsekvensane for kommunen må kartleggast betre før endeleg finansieringsmodell vert vedteken. Som vertskommune for sentralsjukehuset er det også viktig å avklare om Førde kommune får eit medfinansieringsansvar knytt til utbygging av dette sjukehuset. Det må vere ei føresetnad at dersom lovforslaga aukar kostnadar for kommunen, vert dette fullfinansiert.

**I ny Lov om folkehelse** legg ein eit heilskapleg ansvar for folkehelsearbeidet til kommunen og ikkje til helsetenestene åleine. Dette er ei stor omlegging, både i måten å tenkje på, i tenesteproduksjon og i organisering. Det vert lagt vekt på at folkehelsearbeidet skal vere synlig i alle sektorar, og at mål og strategiar for folkehelsearbeidet skal forankrast etter plan- og bygningslova. Førde Arbeidarparti meiner dette er ei rett utvikling. I ein kommune som har ei sterk humanistisk tilnærming i sin felles politiske visjon, er god helse ein av føresetnadane for å kunne delta i samfunnslivet og leve gode liv.

**Formålet til Ny kommunal helse- og omsorgslov** legg tydeleg vekt på å førebygge og å legge tilrette for meistring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne. Førde Arbeidarparti meiner at dette understrekar ei god velferdstenking. Både i høve til å betre levevilkåra for vanskeligstilte, men òg å sikre den einskilde innbyggjar eit aktiv og meningsfullt liv.

Lovforslaget seier også at kommunen får ei plikt til å *sørgje for nødvendige helse- og omsorgstenester*. Det skal vere mest muleg opp til den einskilde kommune å avgjere korleis tenestene skal organiserast. Førde Arbeidarparti tolkar det slik at kommunen kan avgjere kva for

profesjonar som skal nyttast og at ein legg opp til ein auka aktivitet i kommunehelsetenestene. Slik fridom er ikkje absolutt, tenkjer Førde Arbeidarparti. Er Førde kommune stor nok til å fullt ut nytte denne sjansen eller treng Førde kommune no å avgjere framtidig kommunestruktur?

**Samhandlingsreforma** vil gje kommunen spennande utfordringar. Å bygge opp ny kompetanse og nye tenester som skal komme som eit supplement til kommunelegen og eksisterande tilbod, krev at det blir gjennomført ei omlegging av funksjon og oppgåver mellom, helseføretaka og kommunane og innanfor helseføretaka. Førde Arbeidarparti stør regjeringa sitt syn på vidareføring av føretaksmodellen, at ingen lokalsjukehus (og for Førde sin del, ingen sentralsjukehus) skal leggjast ned og at lokalsjukehusa skal vidareutviklast for å ha ein viktig funksjon i den heilskaplege helsetenesta.

Førde Arbeidarparti ser nye mulegheiter med ei ny organisering av helse- og omsorgstenestene. Det er høge ambisjonane som pregar Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011-2015) *"Vi ønsker en helseteneste som er blant verdens aller beste, både medisinsk, teknologisk og omsorgsmessig. Tenestene skal være effektive og trygge, og tilgjengelige innen akseptable ventetider – uavhengig av den enkeltes økonomi, bosted, alder, kjønn, funksjonsevne, etniske bakgrunn og livssituasjon."* Det er viktig å ha ambisjonar, men Førde Arbeidarparti ser også dilemmaet i høve til forventningspress frå folk flest. Førde kommune opplever eit aukande press på og står overfor store utfordringar når det gjeld tilgong arbeidskraft og kompetanse. Kompetanse er eit av dei mest sentraliserande kreftene i dagens samfunn og det må gjerast politiske grep for at òg distriktskommunar får ta del i slik utvikling.

**Offentlege helse- og omsorgstenester** er ein bærebjelke i velferdsstaten og eit uttrykk for fellesskap og solidaritet. Førde Arbeidarparti meiner at distrikta, meir enn i sentrale strøk, er eit offentlig tilbod viktigare. Kommersielle aktørar står ikkje i kø for å etablere seg, eller for å gi kommunen konkurranse om å levere omsorgstenester. Eit lite folketal og mange marginale brukargrupper og behov, gjer at kommunen må vere den som leverer primærhelsetenester til eigne innbyggjarar.


For Arbeidarpartiet er det viktig å redusere sosial ulikskap i helse og gje alle eit likeverdig helsetilbod. Samhandlingsreforma og dei nye lovforslaga gir retning for dette.

---

Førde Arbeidarparti

Johan K. Kjerstad, Sign.  
Leiar

Margun Masdal, Sign.  
Nestleiar

  
Gro Indrebø  
Sekretær